

**Oppdragsnavn:** Utvidelse masseuttak Fossanmoen  
**Oppdragsnummer:** 620910-01  
**Møtedato:** 25.09.2018  
**Kl.:** 1200 - 1400  
**Sted:** Forsand kommune  
**Referent:** Arild Byrkjedal

NAVN	FIRMA	E-POST	TIL STEDE	MOTTAR REFERAT
Steinar Håland	Forsand kommune		X	X
Rune Haukalid	Forsand sandkompani		X	X
Gunleif Haukalid	Grunneigar		X	X
Aild Byrkjedal	Asplan Viak		X	X

## REFERAT OPPSTARTSMØTE

Detaljregulering av nye masseuttak på Fossanmoen - gbnr 41/9 og 138 med bakgrunn i planinitiativ fra Forsand Sandkompani as ved Asplan Viak og grunneigarar.

SAK	TEKST	ANSVAR	FRIST
01	<b>Innleiing</b> I forkant av oppstartsmøte blei det oversendt eit planinitiativ frå forslagstillar, som grunnlag for møte		
02	<b>Kommunens vurdering</b> Planinitiativet frå Forsand Sandkompani as vurderar at tiltaket ikkje kjem inn under forskrift om konsekvensutgreingar.  Uttaksplanane er todelte. Ein på kvar side av Fossanána utan direkte tilknytning til eksisterande massuttak. Vedteken plan for masseuttak på Fossanmoen og senking av Fossanána omfattar likevel elveløp og elvebreidd inn i område for nytt / utvida planforslag. Det nye planforslaget vil i uttaksperioden medføra omfattande og til dels skjemmande inngrep i det eksisterande landskapet, og arrondering og avslutning av uttaksområda må derfor planleggast nøye. Område langs Fossanána vil bli åpnare og elvebredden breiare etter eit eventuelt uttak. I utgangspunktet vil det være negativt både visuelt og landskapsmessig å opne for fleire områder for massuttak i området. Samtidig er det nå det er mulig å utvide		

SAK	TEKST	ANSVAR	FRIST
	<p>med nye uttak i området med tanke på kryssing av Fossanána og Steinbergbekken.</p> <p>Går ein inn for tilrettelegging av uttak vil ein også kunne regulere inn fortsetting av rideanlegg og gangsti nedover langs åna. Flytting av åna ovanfor Villingur sitt rideanlegg gjer det morleg å flytte og forlenge rettløpsbanen til 250 meter som er påkrevd for større ridestevner. I tillegg vil eit uttak på vestsida av Steinbergbekken krevje ei bru over bekken for tilkomst til det nye uttaket. Ein kan også tenke seg at bekken kan flyttast eller leggst i røyr den nedre delen og opne for ei utviding av heile rideanlegget for å gje plass for ei utviding av rundbanen til internasjonale mål og større areal for oppstalling av hestar.</p> <p>For ordens skuld kan ein nemne at både Villingur Islandshestforening og Forsand Sandkompani as har vært i kontakt med grunneigarane i forhold til eit slikt samspel mellom løyve til massuttak og tilrettelegging for idrett- og friluftliv.</p>		
<b>03</b>	<p><b>Overordna avklaring</b></p> <p>På grunn av at området er disponert til LNF i kommuneplan, ynskjer Forsand kommune ei politisk avklaring av om kommunen vil gå vidare med reguleringsplanen</p>		
<b>04</b>	<p><b>Utviding av området</b></p> <p>Forsand kommune føreslår at uttakseigar tar kontakt med nabo og grunneigar Olav Kjetil Vika for å vurdere om også han er interessert i å vere med i planarbeidet. Ei slik utviding vil gje meir uttaksmassar, og større moglegheiter for tilpassing av rideanlegg og turvei.</p>		
<b>05</b>	<p><b>Avklaring overordna myndigheiter</b></p> <p>Ei politisk avklaring til å gå i gang er ein forutsetning. Det er ikkje naudsynt å søkje avklaring i Regionalt planforum.</p>		
<b>06</b>	<p><b>Framdrift</b></p> <p>Det vil bli holdt fleire dialogmøter i prosjektet. Ein legg til rette for behandling av forslaget hausten 2019.</p>		
<b>07</b>	<p><b>Avslutning</b></p> <p>Rådmannen ser positivt på ei totalløysning med uttak av masse og tilrettelegging av utvida ridebane og gangstinett i området rundt ridebanen og innstiller på å gå vidare med planinitiativet til Forsand Sandkompani as.</p>		

Referent

**Arild Byrkjedal**  
Arealplanlegger

T: 93424048 | 417 99 417

E: [arild.byrkjedal@asplanviak.no](mailto:arild.byrkjedal@asplanviak.no)